

# Referat frå foreldremøte for 1A tysdag 12. mars

## Sakar:

- Informasjon om det sosiale i klassen
- FAU (Skulemiljøbroskjyren)

## Informasjon om det sosiale i 1A:

Klassen består no av 18 elevar, 11 gutar og 7 jenter. Det er ein fin klasse som liker godt å vere i aktivitet. Klassen har byrja å bli godt kjende med kvarandre, men trenger fortsett å jobbe med å bli meir trygg på kvarandre. Alle kan samarbeide med alle og sitje ved sidan av kvarandre, men vi har fokus på å bli enda betre kjende for å skape enda betre klassemiljø.

Vennegrupper blei tatt opp og føresette ynskja å fortsetje med det. Sidan ikkje alle gruppene var ferdig, blei vi einige om at gruppene er like og at ein byrjar på nytt. Dette vil sei at det blir fleire møter i løpet av kvar månad. Oversikt over kva månad kjem nedst i referatet.

Grunna utbytting av ventilasjon har klassen hatt eit anna klasserom mens utbyttinga skjedde. Dette gjer at klassen har brukt mykje tid på å kome inn i gamle rutinar og har jobba mykje med arbeidsro og å kunne vise omsyn til kvarandre, når klassen var kome tilbake i klasserommet igjen.

Anna har gått ut i morspermisjon og Therese er den nye læraren i musikk. Sarita har samfunnsfagtimen.

## Det blei opna for spørsmål frå føresette.

Etter ynskje gjekk kontaktlærar ut av klasserommet slik at føresette fekk prata litt saman med kvarandre. Etterpå blei det stilt spørsmål om lekser og kor langt ein kan forvente at elevane skal vere kome i leseutviklinga.

Leksene står til forskjellige dagar slik at lærar får samle dei inn til retting. Om ein ikkje er ferdig med leksebøkene til den dagen det står på lekseplanen gjer det ikkje noko. Om bøkene kjem inn fredag, er det ikkje sikkert dei blir retta den veke, men blir retta veka etterpå.

Dei to fyrste åra på skulen blir kalla for begynneropplæringa. Elevane er kome ulikt i leseopplæringa og det er heilt normal. Nokre har knekt lesekode, mens andre jobbar fortsett med den. Det er ikkje unormalt, men det er fint om føresette har fokus på at elevane skal dra saman lydane når dei les. Oppfordre elevane til lesing viss dei visar interesse for det.

FAU tek over møtet og presenterer «Skulemiljøbroskjyra». Alle set i grupper og skal samtale om og drøfte det som står på side 5 «Slik kan du bidra». Ei stund ut i samtalen gjekk FAU-representanten rundt og snakka med dei ulike gruppene. Når dei var ferdig avslutta FAU møtet.

**Oversikt over nye tider for vennegruppene på neste side.**

**Referat skrevet av Sarita, kontaktlærer**

### GRUPPE 1

Namn	Invitasjonsmåned
Rebeca	April
Andrine	April
Thobias	Mai
Emrik	Juni
Philip Johan	Juni

### GRUPPE 2

Namn	Invitasjonsmåned
Oline	April
Malin	April
Theodor	Mai
Alfred	Juni
Leon	Juni

### GRUPPE 3

Namn	Invitasjonsmåned
Ella	April
Heidi	April
Sara Elise	Mai
Olander	Juni
Jonas	Juni

### GRUPPE 4

Namn	Invitasjonsmåned
Aron	April
Tobias	Mai
Halvard	Juni